



Sveåsen As
Strandgaten 9
5013 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/6660 - 22/68901

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
12.09.2022

Adressetildeling Sveåsen 29-41 og 36-46- GBNR 322/247

Administrativt vedtak: Saknr: 978/22

VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 tilhøyrande forskrift kap.12 og felles kommunale retningsliner til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adressesetildeling:

Gnr	Bnr	Brukseining- tomt	Vegnavn	Tildelt husnr
322	247	H0101- B1a-01	Sveåsen	29
322	247	H0101- B1a-02	Sveåsen	35
322	247	H0101- B1a-03	Sveåsen	33
322	247	H0101- B1a-04	Sveåsen	37
322	247	H0101- B1a-05	Sveåsen	31
322	247	H0101- B1a-06	Sveåsen	39
322	247	H0101- B1a-07	Sveåsen	41
322	247	H0101- B1b-01	Sveåsen	36
322	247	H0101- B1b-02	Sveåsen	38
322	247	H0101- B1b-03	Sveåsen	40
322	247	H0101- B1b-04	Sveåsen	46
322	247	H0101- B1b-05	Sveåsen	44
322	247	H0101- B1b-06	Sveåsen	42

Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.

Saka gjeld

Det er gjeve rammeløyve til bygging av 13 einebustader på eigedommen 322/247, som skal ha tildelt offisielle adresser. Tomtane rundt desse einebustaden er ikkje oppretta endå, men adresser vert tildelt utifrå tomtedelingsplan.

Vurdering

Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Sveåsen.

Då planen viser at eigedommen 322/71, som i dag har adressa Rosslandsvegen 336, skal få ny og felles tilkomst med tomt nr B1a-01 er det sett av ledig husnummer 27 til denne bustaden. Denne skal omadresserast når veggen er ferdig opparbeida/ kan takast i bruk.

Det er tildelt eitt husnummer til kvar tomt /bustad her. Tidlegare adresser til hytter som skal rivast er sletta. Hovedtrasseen til adressevegen Sveåsen vert definert til å gå mot syd/ aust. Då vert det oddetalsadresser til hus på høgre sida av denne veggen, og partalsnummer til hus på venstre side av veggen. Husnummera er tildelt for å harmonera best mogeleg med kvarandre på begge sider av veggen.

Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressetildeling og adresse vert difor tildelt.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn (sjå døme under).

Husnummer må vere på plass før bygget vert teke i bruk.



I tilfeller der bygget med adresse ikkje synes frå adressevegen er det nødvendig med tilvisingsskilt ved avkøyring til sideveg.

Der eigedommen som har fått adressa strekkjer seg heilt fram til vegen (der avkøyringa er), har eigar sjølv plikt til å setje opp også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/skilting-av-adresser>

Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/6660»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakrar:
Sveåsen As

Strandgaten 9

5013 Bergen